



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



Kommunedelplan for naturmangfald Planprogram





Innhold

1. Innleiing	2
2. Rammer og premiss for planarbeidet	3
3. Formål med planarbeidet.....	3
4. Overordna føringar.....	5
Nasjonalt.....	5
Regionalt.....	6
Kommunalt	6
5. Prosess, medverknad og organisering av planarbeidet	6
Prosess.....	6
Politiske prosessar	7
Medverknad	7
Framdriftsplan	7
Organisering av arbeidet	8
6. Oppbygging av planen	8
Kunnskapsgrunnlaget	8



1. Innleiing

Dette planprogrammet viser den vidare planprosessen for arbeidet med *Kommunedelplan for naturmangfald i Gulen kommune*.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Korleis få medverknad (frå innbyggjarane)
- Eventuelle behov for utgreiingar

Naturmangfald legg viktige premiss for arealplanlegging. Gjennom arbeidet med å utarbeide ny arealplan, har det vorte tydeleg at Gulen kommune har eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag når det kjem til naturmangfaldet vårt. Dei utgreiingane og kartleggingane som er gjort begynner å bli gamle, og fleire kartleggingsområder er mangelfulle.

Arealendringar er ein av dei største årsakene til tap av biologisk mangfald, også lokalt. Eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i kommunen er ein viktig del av arbeidet med å jobbe for å nå FN sine berekraftsmål. Dette gjeld spesielt berekraftsmål 14 som gjeld livet under vatn og mål 15 som gjeld livet på land, samt mål 13 som er å stoppe klimaendringane.



KDP for Naturmangfald er tufta på St.meld. 14 (2015-16) *Natur for livet*.

Kommunedelplanen vil fokusere på trua og sårbare arter, naturtypar av høg verdi og på områder som har lokal verdi i Gulen kommune, som kan vere viktige økologiske funksjonsområder. Naturtypar og arter av lokal og regional verdi kan og bli inkludert i planen, samt områder med lokalt viktig kulturlandskap.

Gulen er ein kommune med variert klima og topografi og har utbreidd råmekrevjande arter som følgje av mykje nedbør. Ein naturtype som er godt representert er kulturlandskap men den har hatt ein del attgroing som følgje av nedgang i jordbruk og skogbruk. Det er elles mykje myr, fjell og skog i kommunen, inkludert innslag av fuktig kystnær skog som kan huse sjeldne arter. Generelt er oversikta over raudlista arter i kommunen mangelfull per i dag.



I samfunnplanen til Gulen kommune for 2023-2034 er det og nedfelt å hindre unødig nedbygging av naturlege ressursar og viktige økosystem, å ta omsyn til trua artar og framtidige klimaendringar og å identifisere viktige område for naturmangfald. Kommunedelplanen for naturmangfald vil vere eit nyttig verktøy med tanke på desse måla.

Oppsumert skal kommunedelplanen for naturmangfald svare på dette:

- Kva områder og arter er viktigast å ta hand om?
- Korleis skal naturmangfaldet bli tatt vare på framover?
- Kva er kartlagt av naturmangfald i kommunen?
- Kva er våre behov innan vidare kartlegging?

2. Rammer og premiss for planarbeidet

Kommunedelplan for naturmangfald skal lagast som ein kommuneplan i tråd med plan og bygningslova. Dette sikrar medverknad frå ålmenta og god forankring politisk og administrativt. Planen skal innehalde ein kunnskapsdel og eit handlingsplan.

Kommunedelplanen skal gjere greie for dei langsiktige måla til kommunen, vise kva utfordringar ein står ovanfor og gjere greie for strategiar for den ønska utviklinga av naturmangfaldet i kommunen. Gjennom kommunedelplanen for naturmangfald skal politikarane formidle kva overordna retningslinjer naturforvaltninga i kommunen skal følgje.

3. Formål med planarbeidet

Ved å utarbeide ein Kommunedelplan for naturmangfald får me eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som sikrar at dei viktigaste naturområda våre vert tatt vare på. Dette gir oss:

- Betre føresetnader for å ta avgjerder i arealplanlegging og sakshandsaming i tilfelle der naturmangfaldet kan verte påverka. Kommunedelplanen skal gjere naturinformasjonen meir tilgjengeleg for ålmenta og for forvaltninga. Dette vil forenkle sakshandsaminga og skape klarare rammer for publikum. Planen vil også gi oss eit verktøy som sikrar at Naturmangfaldlova vert ivareteke i sakshandsaminga.
- Eit oppdatert plansystem der kunnskapen frå denne planen vert knytt opp mot arbeidet med klima og miljø, arealstrategi, samt med landbruksplanen og kulturmiljøplanen. På denne måten får kommunen eit omfattande og



heilskapleg kunnskapsgrunnlag om fleire samanhengande interesser som alle er viktige for å nå FN sine berekraftsmål.

- Auka kompetanse om naturmangfaldet i kommunen, både blant administrasjon, politikarar, utbyggjarar og innbyggjarar. Arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i kommunen vert på denne måten betre forankra.
- Ein handlingsplan som viser prioriterte oppgåver, forvaltningstiltak og føringar for å ta vare på naturmangfaldet.

Følgjande oppgåver skal utførast:

- Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for naturmangfald som skal bestå av følgjande;
 - Ein tekstdel som oppsummerar kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i kommunen og moglege utfordringar.
 - Ein kartdel som syner viktige områder for naturmangfald. Kartdelen skal kunne nyttast av både sakshandsamarar i kommunen og innbyggjarar og gi eit god oversikt over områder der ein bør vere varsame med å bygge ut. Eksisterande strandsonkartleggingar vil vere viktig kunnskapsgrunnlag for dette arbeidet.
 - Eit handlingsprogram som seier noko om kva tiltak som skal utførast for å sikre ivaretaking av naturmangfaldet, eventuelt med eit kostnadsestimat

Planen skal gjelde heile kommunen og ta utgangspunkt i dei kartleggingane og den kunnskapen som allereie eksisterer. Planen skal også innehalde eit handlingsprogram.

Gjennom planarbeidet skal det avdekkast om det er behov for ytterlegare kartlegging av naturområde og artar som må takast særskilt omsyn til. Eit slikt kartleggingsarbeid skal utførast av eksterne konsulentar med relevant fagkunnskap. Nykartleggingar skal gjerast med utgangspunkt i anbefalingar frå førre kartlegging, samt innspel frå Statsforvaltaren, Fylkeskommunen, interesseorganisasjonar og innbyggjarar.



4. Overordna føringar.

Nasjonalt

Klima- og miljødepartementet har fastsett fleire nasjonale miljømål der tre av dei omhandlar naturmangfald:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester
- Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nært trua arter og naturtypar skal forbeholdast
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar

Gjennom stortingsmeldinga *Natur for livet*, skildrar regjeringa korleis me skal ta vare på naturmangfaldet. Forvaltning av naturmangfaldet kan samanfattast i følgjande hovudpunkt:

- 1) Ei meir treffsikker forvaltning av naturen
- 2) Ei klimatilpassa naturforvaltning
- 3) Styrking av kommunane sin kompetanse om naturmangfald
- 4) Innsats for truga natur
- 5) Bevaring av eit representativt utval av norsk natur
- 6) Kunnskapsbasert forvaltning
- 7) Skreddarsyddde løysingar for dei ulike økosystema

For Gulen kommune er det spesielt punkta 1), 2) 3) og 6) me ynskjer å setje fokus på med denne planen; ei treffsikker og klimatilpassa naturforvaltning, samt auka kompetanse og kunnskap i sakshandsaming og forvaltning.

Andre viktige nasjonale føringar for arbeidet med klima og naturmangfald er til dømes:

- [Klimakur 2030](#)
- [Meld. St. 13 Klimaplan for 2021-2030](#)
- [Naturmangfaldlova](#)
- [Plan- og bygningslova](#)
- [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)
- [Statlege planretningslinjer for samordna bustad, og areal- og transportplanlegging](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)

Lista er ikkje uttømmende.



Regionalt

Vestland fylkeskommune har vedtatt ein [regional klimaplan for 2022-2035](#). I denne planen er sikring av naturmangfald ein sentral del, i tillegg til utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Planen er eit viktig styringsdokument også for kommunen sitt arbeid med klima og naturmangfald.

I tillegg kan følgjande planar vere relevante:

- [Regional plan for vassforvaltning Vestland](#)
- [Regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#)
- [Regional plan for kultur](#)

Kommunalt

Kommunane er pålagde å ta omsyn til naturmangfaldet og dette omsynet kjem allereie fram fleire stadar i planverket vårt, anten direkte eller indirekte. Dette gjeld hovudsakleg følgjande planar:

- [Kommuneplan arealdel](#)
- [Samfunnsplan](#)
- [Landbruksplan for Gulen kommune](#)
- [Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv](#)
- [Kartlegging av viktige områder for friluftsliv](#)
- [Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland](#)

5. Prosess, medverknad og organisering av planarbeidet

Prosess


Varselet om oppstart av arbeidet med Kommunedelplan for Naturmangfald i Gulen vert gjort samtidig med at framlegg til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Framlegg til planprogram skal sendast til uttale til statlege og regionale organ og lag og organisasjonar som har interesse av framlegget. Ved offentleg ettersyn kan det sendast inn innspel til planprogrammet. Det kan til dømes vere framlegg til utgreiingar og aktuelle tema ein vil ha med i planarbeidet.

Innspel kan også omfatte synspunkt som går på planprosessen og i kva grad ein kan medverke i prosessen. Planprogrammet skal endeleg fastsetjast av Hovudutval for plan, utvikling og klima.


Etter ein fase med kunnskapsinnhenting, medverknad og samråd med relevante organ, vert planframlegget utarbeidd. Dette vil i hovudsak vere i to deler, ein tekstdel med informasjon og handlingsplan, og ein kartdel.

Planframlegget vert så sendt ut til høyring og offentleg ettersyn. Innspel vert vurdert og innarbeidd i planen. Om innspel fører til vesentleg endring, må



planframlegget ut til nytt offentlig ettersyn. Den endelige Kommunedelplanen for naturmangfold i Gulen kommune skal leggest fram for kommunestyret for vedtak.

Politiske prosessar



Medverknad

Det er viktig å involvere interesseorganisasjonar, lag og enkeltpersonar som har god kunnskap om det lokale naturmangfaldet. Oppstart vert kunngjort på Gulen kommune si heimeside og i lokalaviser. Alle aktuelle interesseorganisasjonar, enkeltpersonar med fagkunnskap, grunneigarar, bygdelag og andre relevante lag og foreiningar vil få særskilt varsel om planarbeidet. Kommunen vil prøve å få omtale av prosjektet i lokalavisene, og ta i bruk sosiale medium for innspel i sjølve planfasen.

Det skal vere eit dialogmøte når planframlegget er ute på høyring. I dette møtet vil det vere mogeleg å komme med innspel til planen. Me vil då vere spesielt opptatt av å få innspel om kva områder som kan vere viktige å få kartlagt.

Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er gode samarbeidspartnarar både når det gjeld planprosessen og for fagområdet naturmangfold. Me ynskjer difor å få til eit møte med dei tidleg i prosessen.

Det er viktig med eit breitt engasjement innanfor kommuneadministrasjonen og politisk utval for å auke kompetansen om naturmangfaldet og for å betre rutinar som sikrar at naturmangfaldet i større grad verte teke omsyn til både i forvaltning og sakshandsaming.

Framdriftsplan

PROSESS	Forventa framdriftsplan
Arbeid med planprogram	Juli 2023
Varsel om planoppstart/høyring av planprogram	Juli 2023
Høyringsperiode planprogram	Juli -august 2023
Arbeidsmøte Statsforvaltar/fylkeskommune	August/september 2023
Folkemøte	August/september
Godkjenning av planprogram	HPUK 21.09.2023
Arbeid med planframlegg	Juli-oktober
Planframlegg på høyring	November 2023
Godkjenning av plan	Januar 2024 HPUK/KOM



Organisering av arbeidet

Prosjektansvarleg:

Einingsleiar Plan, landbruk og teknisk, Ingvild M. Høydal

Prosjektleder:

Jan Ove Molde, konsulent.

Styringsgruppe:

Hovudutval for plan, utvikling og klima.

Arbeidsgruppe:

Einingsleiar PLT -Ingvild M. Høydal

Konsulent -Jan Ove Molde

Landbrukskonsulent -Håvard Tveit

Plankonsulent -May-Lynn Osland

Anna fagkompetanse vil kunne verte tatt inn i arbeidsgruppa etter behov.

6. Oppbygging av planen

Kunnskapsgrunnlaget

Planarbeidet vil basere seg på kjent kunnskap frå tidlegare kartleggingar og tilgjengeleg data. Samstundes ser me at det kan verte aktuelt å gjennomføre noko registreringsarbeid. Dette vil leggjast inn som tiltak i planen sin handlingsdel.

Plandokument

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova med ein tidshorisont på 4 år, gjeldande frå tidspunktet den vert vedteken. Den vil vere sett saman av ein temadel med tilhøyrande kartdel og ein handlingsdel, der handlingsdelen skal rullerast kvart år eller ved behov.

Kunnskapsdel

Den tematiske delen vil samle eksisterande kunnskap om naturmangfald i Gulen kommune i ein heilskapleg oversikt. Den vil peike på verdifulle naturområde og artar i kommunen. Dette vil danne eit kunnskapsgrunnlag for folk flest og internt i kommuneadministrasjonen.

Denne delen av planen vil skildre status og utfordringar naturmangfaldet har. Dette må skje i ein eigna struktur, t.d. etter naturtypar. Planen må gje målsettingar og eventuelle retningslinjer, for korleis ein i Gulen kommune skal ivareta naturmangfaldet. Kommunedelplanen er ikkje ein juridisk bindande plan, men kunnskapsgrunnlaget vil kunne gje føringar for sakshandsaminga og budsjettinnspel.



Kommunedelplanen vil dermed vere eit viktig verktøy ved sakshandsaming, planlegging og drift av områder som rører ved natur. Verktøyet kan t.d. brukast for å verne naturområde, innhente manglande kunnskap og til å gjenskape nytt naturmangfald.

Ved å samle den eksisterande kunnskapen, vil vi også få oversikt over samanhengar mellom naturområde som er avhengige av kvarandre for å vere robuste.

Områder som kommunen meiner er viktige for naturmangfaldet, bør prioriterast og sikrast i juridisk bindande planar (arealdelen i kommuneplanen) og/eller ved eigedomsforvaltning, anleggsverksemd, forvaltning av grøn struktur og via informasjon til innbyggjarane.

Handlingsdelen

Handlingsdelen vil innehalde dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen og tiltak for å bevare desse. Eit særleg viktig satsingspunkt med planen vil vere å få ein heilskapleg oversikt over verdifulle områder og artar i Gulen kommune. Planen vil dermed synleggjere hol i kunnskapsgrunnlaget og kvar det bør arbeidast for å hente innmeir kunnskap om naturmangfaldet. Handlingsdelen vil også vere ein plan for prioriterte skjøtsel- og forvaltningstiltak i planperioden. Dette må sjåast i samanheng med andre planar i kommunen.

Kartdelen

Kartdelen av planen skal gi ei god oversikt over kvar kommunen sine viktigaste områder for bevaring av naturmangfald er, og vil på denne måten fungere som eit sentralt verktøy i sakshandsaming av spesielt byggjesaker og plansaker. Målet er at kartdelen og kunnskapsdelen av planen skal supplere kvarandre, slik at kartdelen gir ei visuell framstilling av viktige område, medan kunnskapsgrunnlaget vert nytta til å gi meir utfyllande informasjon om desse områda.



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA

